

PROSJEKTMANDAT	Prosjektkode: Visma økonomi
PROSJEKTNAMN: Digitalisering av fagområdet byggesak og plan i Årdal kommune.	11508 Acos: 24/2056

"Før"-prosjekt	"Prosjektet" x	Etterfølgjande prosjekt
-----------------------	---------------------------------	--------------------------------

OPPDRAKSGJEVAR:

Årdal kommune v/kommunedirektøren

BAKGRUNNEN FOR PROSJEKTET:

Gjere sakshandsaming innan plan, bygg, landbruk, seksjonering, oppmåling, deling og VVA enklare, meir effektiv, trygg og korrekt. Prosjektet skal ta for seg sakshandsamingsprosessar i Årdal kommune for å heildigitalisera desse. Det skal bli enklare for innbyggjarane å få innsyn i kor langt «saka si» til ein kvar tid er kome (ref. "Open kommune prosjektet"). Prosjektet skal syne kost/nytte, samt vurdere og skildre behovet for innkjøp. Grunndata som matrikkel og byggningsarkiv må oppdaterast/kvalitetsikrast. I dag har vi fått tilbakemelding på at vi har utfordringar på kvaliteten på rapportering til SSB.

EFFEKT MÅL (bidrag til kommunane):

- Fagsystemet bidreg til å effektivisera sakshandsaming og gje betre tenester til innbyggjarar og næringsliv.
- Leggja til rette for god samhandling med open dialog og informasjonsflyt.
- Sikra effektiv innføring av nye nasjonale løysingar.
- Auka fokus på enkel digital tilgang til informasjon (digitalt fyrsteval), kvalitet, rutinar og kompetanse (til dømes for matrikkelføring, fakturering, kontroll lister, malar, utarbeiding av planar osv.)

RESULTAT MÅL (forventa resultat i prosjektet):

- Få på plass eige fagsystem/modul for handsaming av plan- og byggesaker.
- Redusera sakshandsamingstida og auka kvaliteten på tenestene.
- Gje betre og enklare tenester til innbyggjarar og næringsliv, og effektivisera kommunen sine arbeidsprosessar.
- Auka kvalitet på ekstern rapportering til SSB (Kostra). Bruka mindre tid til rapportering.
- Auka kvalitet på intern rapportering til administrativ- og politisk leiing.
- Auka fokus på oppfølging av vedtak og komplekse byggesaker.
- Oppdaterte grunndata på plan og matrikkel.

OVERSIKT OVER FØRELIGGJANDE INFORMASJON:

- DigiVestland – Innføringshandbok «Anskaffelse og innføring av nye fagsystemer og løsninger for plan- og byggesaksbehandling»
- Nasjonal produktspesifikasjon
- KS sitt vegkart for plan- bygg og geodata.

TIDSPERSPEKTIV:

Frå: 13.01.25 – 31.12.25

ORGANISERING:

Prosjektleder : Eva Læg Reid Løvdahl.

Arbeidsgruppe: Sebastian Hjertager Lund, Martin Ramsland Stensaker, Radek Szczebrowski, Mona Fykse, Berit Valsvik Maasø.

Referansegruppe: Laila Røneid, Magnhild Aspevik, Frank Runar Øren, Bjørn Indrebø, Gaute Johnsgaard, Janne Kamilla Høvik og Pål Strand.

Styringsgruppe: Kommunedirektør og kommunalsjef teknisk.

Prosjektmøter: Om lag ein gong pr. måned.

RAPPORTERING:

Rapportering skal gjerast kvartalsvis til styringsgruppa.

Prosjektet skal evaluerast etter 6 og 12 månader. Rapporten skal leggjast fram i utval for samfunn.

Skal prosjektet leggjast ut under menyvalet «Prosjekt» på kommunen si heimeside ?

Ja

☒

Nei

☐

BUDSJETT:

Det er avsett følgjande i investeringsbudsjettet for 2025 (midlar overført frå 2024):

Prosjektnr. : 11508 kr. 500.000,-.

Prosjektmidlar skal nyttast til å kjøpa inn ny programvare/innføring av nye datasystem og heva datakvaliteten på gunndata.

Prosjektet kjem til å medføra auka driftskostnader (lisenskostnader)

FULLMAKTER:

Prosjektgruppa har fullmakt til å bruka midlane som er sett av i budsjettet.

ANNA:

Dato: 09.01.2025

Signatur:



Årdal kommune
Kommunedirektør

Kommunedirektør i Årdal kommune
Mette Hestetun Berg